

Til Kommunal – og moderniseringsdepartementet

Høyringssvar vedk. forskrift om kommunale råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

- **Til kommunelova paragraf 5 – 12:**
 - Vi meiner fleirtalet av medlemene i eldrerådet bør vere over 65 år på valtidspunktet.
 - Vi meiner og at det bør presiserast at råda har rett til å uttale seg i **alle** saker som gjeld vedkomande grupper.
- **Til forskriftene 3.1 Innleiing og kort oversikt - - - :**
 - Vi syner til merknad ovanfor og poengterer at forskriftene må bygge på prinsippet om uttalerett i alle saker som gjeld levekåra for eldre.
 - Fleirtalet av medlemene bør på valtidspunktet vere over 65 år.
- **3.5 Målform:**
 - Forskrifter og rettleiar bør vere tilgjengeleg på begge målformer.
- **3.6 Tidlig involvering:**
 - Det er viktig at departementet understrekar kor viktig det er at råda vert sikra tidleg involvering i sakene.
- **3.7 Møte – og talerett.**
 - Det bør presiserast at det er ynskjeleg at råda får møte – og talerett i kommunestyret.
- **3.10 Nærmare om forslag til oppgåver:**
 - Vi presiserer endå ein gong omgrepene «alle saker» og framlegging på «tidleg tidspunkt».
 - Det bør også opnast for ein avgrensa vedtakskompetanse i særskilde saker.
- **3.11 Nærmare om samansetting og organisering:**
 - Elreråda bør vere på minst 5 medlemer.
 - Viktig med presisering av at kommunestyret innhentar uttale frå dei aktuelle gruppene sine organisasjonar.
 - Desse organisasjonane må vere representative for sine grupper.
 - Viktig at råda sjølve vel sin leiar og nestleiar.
 - Det er presisert at råda skal ha naudsynt sekretærhjelp – vi vil leggje til at det skal **vere relevant sekretærhjelp, og mest mogeleg faste sekretærar.**
- **3.12 Mulighet for felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsettelse:**
 - Det er særslig uheldig med fellesråd sidan råda har svært ulike saksområde.
 - Kommunar og fylkeskommunar bør ikkje få høve til å opprette felles råd. Dette bør presiserast i forskriftene.

Dette fører til følgjande konkrete endringar i forskriftene:

- **Målform:**
 - Forskrift og rettleiar må vere tilgjengelege på begge målformer.
- Paragraf 1, Formål:
 - Punkt a): eldre gjennom eldrerådet i **alle** saker som angår dem.
- **Paragraf 2, Oppgaver:**
 - 2. avsnitt:
 - Rådene har rett til å uttale seg i **alle** saker som gjelder - - - osv.
 - 4. avsnitt, siste setning:
 - «Kommunestyret kan delegera begrenset vedtaksmyndighet til rådene».
- **Paragraf 3, Sammensetning og organisering:**
 - Tillegg i 2. avsnitt:
 - «Eldrerådene skal ha minst 5 medlemmer.»
 - «Flertallet av medlemmene skal ha fylt 65 år på valgtidspunktet».
 - Tillegg i 3. avsnitt:
 - **Representative** organisasjoner for eldre, for personer med - - - osv.
 - Tillegg 4. avsnitt:
 - Rådene skal gis tilstrekkelig og **relevant** sekretærhjelp.
- **«Paragraf 4, Felles råd for eldre og mennesker med funksjonsnedsettelse:**
 - Kommunen eller fylkeskommunen skal som hovedregel ikke ha anledning til å opprette felles råd for eldre og personer med funksjonsnedsettelse.
 - Unntaksvis kan det i svært små kommuner opprettes ett felles råd hvis det er umulig å få opprettet to separate råd».

MVH

Per Kjelstad
Fylkesleiar

Laila Hage
Dagleg leiar

Kopi til:

- Fylkeseldrerådet
- Pensjonistforbundet
- Alle lokallagsleiarane i fylket
- Alle eldreråda i fylket